

1.

Han

De gildt aa røda, aa ymist stevja.
Rettleiding gjeva, rettleiding krevja.
Men endaa gildar naar du og eg.
Me elskar sanning gjeng sannings veg.

2.

Ho

Aa naar me vita det so skull vœra.
Me skull det *gilda*, daa alltid gjera
Paa sannings vegar i *vyrdsna* ga.
Aa elsk aa truskap i bringa ha.

3.

Han

Du veit at ingjen kan soleis stella,
At inkje nokon so *tyt* aa skjella.
De vondt aa laga ei pylsa so
At alle seier, ja den var god.

4.

Ho

Eg skal kje ropa, men seia sagte.
Her er ei *kveiksla* med vonda magte.
Dei ringa um os aa gjeng i kross.
So me ungdomar maa vara oss.

5.

Han

Me faar no ikkje for redde vœra.
Dei vonde magter me i oss bæra.
Naar me os *fjelga* baa du aa eg
Daa gamla verdi faar nœya seg.

6.

Ho

Eg høyrer ditta ut av saa mange.
Me er kje komne fraa høgdesprangje.
Her er forlite med leik aa stas.
Med stormandsgalskap med lygn aa vas.

7.

Han

Da hev seg soleis forseint kjem vite,
Aa difyr er her so trongt aa skjete.
Sjaa hus aa heimar sjaa klæ aa mat.
Sjaa flor aa eldhus sjaa kopp aa fat.

8.

Ho

Du skal kje klandra, aa meina anna.
At ??? me skura, baa kopp aa kannu.
Men *hjartehusi* aa *hjartekar*
So altfor lite ein skurat har.

9.

Han

De gjerna so ein formykje skrapa.
Aa etter verdi sin galskap apa.
Men naar var verdi so *fjelg* som no.
Med fred aa elsking i mannablo.

10.

Ho

Dei meiner soleis at verdi *besna*.
Da kan so vœra ho inkje *vesna*.
Men um ein *udom* vert tynt eingong
Den kjem attenda i ny facon.

11.

Han

Her er no skular so ein kan læra,
Aa koka eta og altslag gjera,
Me kled oss gluft, aa me grev oss fraa
Alt sjete arbeid, so vidt so raa.

12.

Ho

Da er da galna me er for fine,
Te fora *krøtri* aa gjeva svine
Aa sopa golve aa vaska klær
Med alt da andra som um oss er.

13.

Han

Ein skrapa bonde kan alle vœra.
Aa bondearbeid kan alle gjera.
Men skal ein koseleg dagar naa,
So maa ein læsa seg bleik aa blaa.

14.

Ho

Ja dei so greia klæ paa seg broki
Aa kjenna A-en i arbesboki
Dei bryr seg inkje um mold og lort
Maa verta stormenn aa leva stort.

15.

Han

Sjaa mange garmenn er grepa kara.
De ratt utruleg kva dei kan klara.
So utifraa *baa* i mund aa hand
Dei gjer sitt yrkje paa sjo aa land

16.

Ho

Men tenk paa kvinna kva ho kan klara.
Kan stella heima, ho ut kan fara.
Ho syr ho spøtar ho spar aa saar,
Aa henna føter dei sjeldan staar.

17.

Han

Aa mykje meira kan kvinna gjera,
So kvinna kan ein vel knapt unnværa.
I kjøk aa stova i løda flor,
Der tusund ting etter kvinna gror.

18.

Ho

Aa mykje meira maa kvinna gjera
Lyt *brøya* raka lyt slaa aa skjera
Maa stella borni aa laga mat
Aa halda reine baa krus aa fat.

19.

Han

Ja endaa meira lyt kvinna gjera,
Ho seint aa tidleg lyt vakje væra
I alle leidar tilrettes sjaa.
De vondt for mannen kjem kvinna fraa.

20.

Ho

Da er ein lette aa høyra berre
At mannen *vyrðar* det kvinna gjera.
Men meira lette det vert no daa,
Naar mannen meira vil hjelpa fraa.

21.

Han

Aa ja ein bonde hev mangt aa gjera,
Men bondekona daa mykje meira.
Eg lyte sanna, dei heve rett.
Ein hev det røynt aa ein hev det sett.

22.

Ho

Ja skal ein gagnverk i verdi gjera,
So sant at kvinna ho med lyt væra.
I slit aa slæp vert no tidi *øydt*.
No takk for *røda*, no er eg trøytt.